

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 06.02.2017

Behandlingsinformasjon:

Øystein Solevåg frå Årim synte PowerPoint-presentasjon, orienterte og svarta på spørsmål. Saka vart drøfta.

Erik Kursetgjærde (AP) fekk permisjon og gjekk frå under saka. Totalt 28 voterande.

AP v/ Hans Petter Sørensen la fram slikt forslag til vedtak:

A: Sykkylven kommunestyre meiner at strategien Årim har lagt ut på høyring er ambisiøs og framtidsretta. Den vert eit overordna styringsdokument å arbeide etter fram mot 2025 for å nå måla om meir avfall til gjenvinning og meir gjenbruk.

B: Sykkylven kommunestyre ber Årim forsette med dagens innsamlingsordning av matavfall til eit eventuelt lovpålegg eller ny kunnskap ligg føre. Om nytt regelverk ligg føre vil Sykkylven kommunestyre ha saka attende for ny handsaming.

C: Ein ber også Årim satse meir på førebygging av sløsing av mat.

D: Marin forsøpling bør bli eit større satsingsområde for Årim. Dette er ei internasjonal stor utfordring som er viktig å gjere noko med også her lokalt og regionalt.

E: Etter kommunestyret sitt skjønn er det ikkje naudsynt med særskild innsamling av metall- og glasavfall frå den einskilde husstand, då ordninga med felles dunkar på sentrale plassar fungerer godt.

Eldar Høidal (SV) la fram felles forslag frå SV, Høgre, Venstre og SP om å erstatte siste setning i punkt 2 i tilrådinga frå nærings- og utviklingsutvalet. Nytt punkt 2 blir:

Sykkylven kommune ber Årim særskild vurdere storleiken på dunkar til innsamling av matavfall og frekvens for tømning av desse. Det skal også leggst til rette for særskilt innsamling av glas- og metallavfall i den einskilde husstand.

Avrøysting 1:

APs forslag vart sett opp mot nærings- og utviklingsutvalets tilråding. Nærings- og utviklingsutvalets tilråding fekk 17 røyster og vart vedteke.

Avrøysting 2:

Nærings- og utviklingsutvalets tilråding vart sett opp mot felles forslag. Felles forslag fekk 20 røyster og vart vedteke.

Samrøystes vedtak: som nærings- og utviklingsutvalets tilråding med endringar fremma i felles forslag.

Vedtak:

Sykkylven kommune meiner at strategien Årim har lagt ut på høyring er ambisiøs og framtidsretta. Den vert eit overordna styringsdokument å arbeide etter fram mot 2025 for å nå måla om meir avfall til gjenvinning og meir gjenbruk.

Sykkylven kommune ber Årim særskild vurdere storleiken på dunkar til innsamling av matavfall og frekvens for tømning av desse. Det skal også leggst til rette for særskilt innsamling av glas- og metallavfall i den einskilde husstand.

Ein ynskjer også trekke fram tiltak mot marin forsøpling som svært positivt. Dette er ei internasjonal stor utfordring som er viktig å gjere noko med også her lokalt og regionalt.